



# ULSTEIN KOMMUNE

Oppvekst- og kulturetaten

K 1

Ulsteinvik, 16.12.2003

Statens Namnekonsulentar  
m.fl.

Namnekonsulentenevna	
Navnekonsulentjansastien	
J.nr	300/2003 18. Des. 2004
Art.nr	15.8

Arkivsak nr.:	Løpenr.	Arkivkode	Vår ref.	Dykkar ref.
03/00515	013594/03	L32 /L32/	OK/SEK/KBROK	

**Saka gjeld: NAMNESAKA DIMNA/DIMNØYA**

Kommunestyret i Ulstein har i møte den 27.11.2003 i sak 03/0085 gjort fylgjande vedtak:

**Ulstein kommune fastheld klage på vedtaket i stadnamnsaka Dimna/Dimnøya. Namnet på øya bør vere Dimnøya.**

Sakshandsamar er: *kulturkons. Kristine Brungot*

Med helsing

Leif Ringstad  
oppvekst-og kultursjef

*Kristine Brungot*  
Kristine Brungot  
kulturkons.

Vedlegg:

Kopi til

## SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Arkivsak: 03/00515

NAMNESAKA DIMNA/DIMNØYA

<b>Sakhandsamar: Kristine Brungot</b>		<b>Arkivkode: L32</b>
<b>Utvalsak</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
03/0040	Oppvekst- og kulturutvalet	03.09.2003
03/0049	Oppvekst- og kulturutvalet	05.11.2003
03/0085	Kommunestyret	27.11.2003
<b><u>Vedtak/handsaming i Oppvekst- og kulturutvalet den 03.09.03</u></b>		

### **Tilråding frå Oppvekst- og kulturutvalet:**

Saka vert utsett til neste møte.

### **Handsaming i Oppvekst- og kulturutvalet:**

#### **Framlegg frå Erik Haakonsholm:**

Saka vert utsett til neste møte.

#### **Røysting:**

Erik Haakonsholm sitt framlegg vart vedteke med 5 mot 0 røyster.

### **Vedtak/handsaming i Oppvekst- og kulturutvalet den 05.11.03**

#### **Tilråding frå Oppvekst- og kulturutvalet:**

Ulstein kommune fastheld klage på vedtaket i stadnamnsaka Dimna/Dimnøya. Namnat på øya bør vere Dimnøya.

### **Handsaming i Oppvekst- og kulturutvalet:**

Tilrådinga frå Rådmannen vart vedteken med 5 mot 0 røyster.

### **Vedtak/handsaming i Kommunestyret den 27.11.2003**

#### **Tilråding frå Kommunestyret:**

Ulstein kommune fastheld klage på vedtaket i stadnamnsaka Dimna/Dimnøya. Namnat på øya bør vere Dimnøya.

- 3 -

**Handsaming i Kommunestyret:**

I tillegg til dei dokumenta som følgde saka, vart det lagt på bordet 3 nye brev:

- Frå Leiv P. Dimmen, udatert.
- Frå Olav O. Dimmen, udatert.
- Frå Pål Arne Dimmen, datert 20.11.2003.

**Framlegg frå SV:**

Ulstein kommune fråfell klage på vedtaket i stadnamnsaka Dimna/Dimnøya. Namnet på øya bør vere Dimna.

**Røysting:**

1. SV sitt framlegg fekk 3 røyster, og fall.
2. OPK-utvalet si tilråding vart vedteken med 22 røyster.

**Etter røystinga:**

Erik Haakonsholm ba Ordføraren ta opp att røystinga då det må bero på ein feil at der er a-ending i "Dimnøya" i tilrådinga.

**Ordføraren fekk medhald i å prøve dette ved ny avrøysting.**

**Nytt framlegg frå Erik Hakonsholm:**

Ulstein kommune fastheld klage på vedtaket i stadnamnsaka Dimna/Dimnøya. Namnat på øya bør vere *Dimnøy*.

**Ny røysting:**

1. Haakonsholm sitt nye framlegg fekk 7 røyster, og fall.
2. OPK-utvalet si tilråding vart vedteken med 18 røyster.

## Ulstein kommune SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar : *Kristine Brungot*  
Arkivsak 03/00515

Arkiv: L32  
Løpenr.: 009454/03

Saka gjeld: NAMNESAKA DIMNA/DIMNØYA

**Saksfakta:**

Vedlegg prenta:

- vedl. 1. Brev frå Statens Namnekonsulentar av 08.11.01 vedk. ny høyring etter påklaga vedtak.
- 2. Brev vedk. ny høyring av 12.03.03
- 3. Annonse i Vikebladet-Vestposten – høyringsfrist 20.03.03 (*ikkje med her*)
- 4. Uttale frå Magnar Kleven av 06.03.03
- 5. Uttale frå Roger Vågen 20.03.03
- 6. Uttale frå Ivar Ertesvåg 21.03.03
- 7. Uttale frå Leif P. Dimmen
- 8. Uttale frå Lars Inge Breivik 30.03.03
- 9. Uttale frå Pål Arne Dimmen

Ikkje vedlagde saksdokument:  
dokument i saksnr. 99/01074

**Bakgrunn/historikk**

Statens Kartverk reiste i 1993 namnesak på øya Dimna/Dimnøya. 29. mars 1995 vedtok Statens kartverk at det offentlege skal bruke forma **Dimna** på den akutelle øya i Ulstein kommune. Etter Lov om stadnamn av 01.07.91, skal dei vedtak kartverket gjer om stadnamn brukast av alle offentlege organ.

Vedtaket var i tråd med den tilrådinga Namnekonsulenttenesta for Vestlandet gav i eit brev som vart sendt til fylkeskartkontoret 1. febr. 1995. I den føregåande handsaminga i kommunen gjekk kommunestyret (den 9. juni 1994) med 21 mot 4 røyster inn for **Dimnøya** som offentleg namneform (på Formannskapsmøtet 24. mai same året var røystetala 3 for forma Dimnøya og 2 for Dimna).

Vedtaket vart påklaga av kommunen og ulike andre partar. Statens Kartverk i Møre og Romsdal sende klagebrev til Statens Namnekonsulentar i juli 1995.

Ulstein kommune mottak svar frå Statens namnekonsulentar i november 2001. Namnekonsulentane "tilrår framleis prinsipalt at **Dimna** blir fastsett som offentleg øynamnform". Samstundes skriv dei at det "ikkje kan vere tvil om at svært mange i dag finn det natuleg å bruke Dimnøya som namn på øya, både i skriftleg og munnleg samanheng", men konkluderer likevel med at "me har all grunn til å tru at Dimna er den namneforma som har lengst munnleg tradisjon".

Det vert i brevet vist til paragrafane 7 og 8 i Stadnamnlova der det er gitt pålegg om å la klagesaker gå til ein ny høyringsrunde i kommunen for at ein skal kunne gi nødvendig orientering til alle som har uttalerett og klagerett.

### Saksgang

Statens Kartverk er vedtaksorgan for skrivemåten av alle naturnamn og nedarva bruknamn. Ved klage i ei stadnamnsak, vert klagen sendt til Statens Namnekonsulentar for foreløpig tilråing. Svaret frå namnekonsulentane vert sendt til kommunen for ny høyring. Kommunen offentlegjer høyringa, og tilskriv alle med uttalrett og klagerett. Eventuelle lokale organisasjonar som har særleg tilknytning til namnet vert også tilskrivne. Kommunen handsamar saka og sender ho tilbake til Statens Namnekonsulentar for endeleg tilråing. Saka vert sendt til vedtaksorganet, dvs. Statens Kartverk, som fatter vedtak. Vedtak vert sendt til kommunen som kunngrer vedtaket. Vedtaket vert også sendt til namnekonsulenttenesta, andre offentlege organ som skal bruke namnet i tenesta og til Statens Kartverks fylkeskartkontor. Når skrivemåten av eit stadsnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal skrivemåten brukast av alle offentlege organ, selskap som det offentlege eig fullt ut og stiftingar som er oppretta av det offentlege (§ 3 om Stadnamn).

### Stadnamnlova

I følge Stadnamnlova skal det ved fastsetjing av skrivemåten takast utgangspunkt i den "nedervde lokale uttalen" (§4). Med den nedervde lokale uttalen er meint den uttalen som er muntleg overlevert frå tidlegare generasjonar, som er

I Odelstingproposisjonen som kom i samband med Stadnamnlova vart det lagt vekt på at stadnamna skulle ha den praktiske hovudfunksjon at dei skulle **vanleg på staden og som framleis er i bruk** (Forskrifta til lova § 1-1).identifisere bestemte stader på ein eintydig måte, mellom anna at stadnamna skal skilje stader på ein eintydig måte, mellom anna at **stadnamna skal skilje stader og område frå kvarandre**.

### Høyringsuttalar

Ny høyring vart offentleg kunngrjort i lokalavisa med frist for nye innspel 20. mars 03. I tillegg vart lokale organisasjonar som har særleg tilknytning til namnet tilskrivne. Vi fekk inn seks uttalar, alle frå enkeltpersonar, der fleire av dei klagde/uttalte seg om namnevedtaket i 1995. Fem av uttalane argumenter for namnet på øya må vere **Dimnøya**.

Ivar Ertesvåg, ein av dei som har engasjert seg sterkt i namnesaka, skriv i sin uttale følgjande:

*" Statens namnekonsulentar godtek framleis **Dimnøya** som namn på øya og har ikkje innvendingar mot dette namnet sjølv om dei har Dimna som førsteval. Tiltråinga om Dimna byggjer på mistydingar og faktiske feil. Dimnøya er det einaste som er dokumentert som den "nedervde lokale uttalen" på staden for stadnamnet og det einaste namnet som er innarbeidd i skriftleg bruk over lang tid. Folket i bygda ønskjer at namnet skal vere Dimnøya, og dette namnet gjev heller ingen praktiske vaंskar. Dette er dei momenta Stadnamnlova legg vekt på, og alt tilseier at namnet må vere Dimnøya, også i offentleg bruk".*

Vidare skriv han at "dette seier bygdefolket og skriftlege kjelder. Namnekonsulentane har ikkje imøtegått dette med anna enn si eiga tru, ein anonym informant og feilsiterte kjelder".

Ertesvåg viser også til at bygdefolket har mannjamnt slutta opp om å krevje Dimnøya som øyform gjennom personlege brev, underskriftslistar og lag/organisasjoanar. Han viser også til at kulturstyret og kommunestyret har gått inn for "Dimnøya". Ertesvåg konkluderer med at namnekonsulentane har vore umedvitne i høve kjeldebruken og datagrunnlaget, og at vedtaket dermed bygg på uvisse og feilaktige opplysningar.

Leif P. Dimmen viser til sine tidlegare uttalar i saka og held fast på at namnet må vere **Dimnøya**. Han viser til ein del skriftlege kjelder som han har nytta for å finne ut om "den nedervde uttalen" dei siste 200-250 åra, og konkluderer med at det er namnet Dimnøya som har vore nytta både i aviser, kommunestyret og andre publikasjonar. Han viser elles til Odelstingproposisjonen sine merknader til lovvedtaket som seier: "Stadnamna har den praktiske hovudfunksjon å identifisere bestemte stader på ein eintydig og opplysande måte", "det skal leggast vekt på den praktiske funksjonen" og Stadnamnutvalet seier at "namnet skal ha ein terenglokaliserande funksjon". Leif P. Dimmen konkluderer med at „ingen av desse kriteria kan seiast å vere oppfylt i inntillinga til namnekonsulenten”.

Lars Inge Breivik argumenterer også for at **Dimnøya** er "den nedervede uttalen" på staden for stadnamnet. Han skriv m.a.; "som det har kome fram i tidligare høyringar fører dette til vesentlege ulemper for bygda Dimna og bygda Sundgot/Hasund. Mange trur at Dimna skule og Grendahus er det same som Hasund skule og Bygdahus – fordi "det ligg innpå Dimna". Hasund skule og Bygdahus ligg altså på Sundgot, ca. 4 km. frå Dimna, men på Dimnøya”.

Magnar Kleven uttalar at etter han syn er **Dimnøya** det naturlege namnet på heile øya. Dimna er namnet på eit avgrensa område. "Det er ein konkret stad på Dimnøy og har også vore nemninga på ein eigen skulekrins. Delar av Hasund krins ligg også på Dimnøya, ikkje i Dimna."

Roger Vågen skriv at "frå gamal tid har øya vår heitt **Dimnøya**, og Dimna har vore og er ein avgrensa del av den." Vidare at "på øya her har namna Hasund og Dimnøy vore brukt både på korps og ungdomslag i lang tid..."

Pål Arne Dimmen er ein av "forkjemparane" for at øya sitt namn må vere **Dimna**. Han er oppteken av at ein inntil anna vedtak er gjort, må forholde seg til at det er gjort eit vedtak om at øya skal heite Dimna (jfr. bruk i kommunen, skilting osv.). Dimmen legg ved ei liste over kjelder som har nytta Dimna som namn på øya. Vidare argumenterer han for at Dimna-forma er gammal og høyrer til den "same namnegruppa som alle andre øyar langs kysten som Selja, Sula, Vigra, Vikna, Tjøtte, Trana o. l."

### Vurdering:

Handsaming av klagesaka Dimna/Dimnøya har teke svært lang tid, først og fremst grunna at det tok Namnekonsulentane seks år å kome med ei tilråing. Det er dermed gått snart ti år frå Statens Kartverk røyste namnesaka, og det er klart at både kommunen og innbyggjarane ønskjer ei avklaring i høve offentleg stadnamn på øya Dimna/Dimnøya.

I saksutgreinga i KUL-sak 0019/94 konkluderer administrasjonen med at "Ut ifrå kva stadnamnlova legg vekt på og ut frå kva dei fleste meiner om saka, vil eg tilrå at namnet på øya vert Dimnøya. Dette for å skilje mellom øya og krinsen, og fordi dette er mest i samsvar

— 7 —

med den lokale nedervde uttalen i dag." Ulstein kulturstyre gjorde samrøystes vedtak om å tilrå Statens kartverk å gjere vedtak om at namnet på øya vert Dimnøya. I handsaminga i formannskap og kommunestyret fekk også Dimnøya fleirtal.

Vi kan ikkje sjå at føresetnadane i høve Ulstein kommune sine vurderingar i namnesaka Dimna/Dimnøya er endra. Vår konklusjon er dermed den same som for snart ti år sidan, og vi står demed fast på at namnet på øya bør vere Dimnøya.

**Tilråding frå Rådmannen:**

Ulstein kommune fastheld klage på vedtaket i stadnamnsaka Dimna/Dimnøya. Namnet på øya bør vere Dimnøya.

Ulsteinvik, 16.09.03

Hans Jakob Sandanger  
rådmannen

Leif Ringstad  
Oppvekst- og kultursjef